

24. april 2020



Informasjon til foreldre med barn i skulen

Skulane i kommunen opnar igjen måndag 27. april for 1.-4. trinn. Hjelmeland kommune vil følgja dei nasjonale retningslinnen og den nasjonale rettleiaren om smittevern i skulane.

Før skolane vart sengde i Norge vart det ikkje registrert noko kjent smittespreiing mellom barn i barnehagar eller barneskular. Sammenlikna med vaksne er få born identifisert som smitta i Noreg og verda for øvrig. Barn og unge har så langt vist seg å ha svært låg risiko for å få alvorleg sykdom med koronavirus. Dette er lågare enn for andre luftvegssjukdommar som born kan verta råka av, til dømes influensa og RS-virus.

Det er trygt for born å gå på skulen

For å avgrensa smitte har men no sett i gang ei rekkje tiltak i skulen. Skulane opnar no gradvis, og for å begrensa smitte har vi satt i gang flere tiltak. I perioden framover er vi ekstra nøye med å sikre godt smittevern. Dette avheng av at me alle gjer ein innsats og følgjer dei nye råda for smittevern. På skulen vil me vera spesielt opptatt av å:

- vaska hender og læra elevane gode rutinar for håndvask
- ha godt reinhald på skulen
- vaska utstyr jamlegg, til dømes nettbrett
- vera ekstra mykje ute med elevane, også i vanlege skuletimer og SFO
- ha undervisning og samlingar i mindre grupper
- halda god avstand til kvarandre

Me skal fremleis sørge for at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Alle som jobbar på skulen, skal følgja med på at elevane har det bra.

Hvis barnet ditt ikkje kjenner seg bra

Ikkje møt på skulen eller SFO dersom barnet ditt har symptom på sjukdom, også milde symton. Det er ekstra viktig at borna held seg heime i minst eitt døgn etter at dei har blitt symptomfrie. Foreldre som har luftvegssymptom eller fått påvist koronaviruset, skal ikkje følgja borna til skulen.

Viss eit barn vert dårleg på skulen, tek me kontakt med føresette/foreldra. Barnet må hentast eller gå heim frå skolen så snart det let seg gjera.

Foresatte/foreldre skal helst ikkje verta med inn på skulen

Me prøver å ta imot borna ute og ønskjer at føresette/foreldra ikkje vert med inn på skulen eller i garderoben.

Håndvask er like viktig heime som på skulen. Vask hendene før du kjem på skulen, ein gang du kjem heim.

Borna bør helst vera i lag med få andre born på fritida og da gjerne leika ute.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Skuleskyss

Dersom elevane tek skulebuss må dei hugse å halde god avstand, både mens dei ventar på bussen og i bussen. Det samme gjeld dersom elevane tek båt eller annan transport til skulen. Skuleskyss og offentleg transport bør unngås dersom det er mogleg.

Skulebussen køyrer som før stenging av skulane.

Opningstider:

Skulane og SFO har same byrjar og sluttar som før stenginga.

For meir informasjon kring skular i drift under koronavirusutbrotet (covid-19), sjå utdanningsdirektoratet sine nettsider: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>

På heimesida til kommunen finn de oppdateringar og informasjon kring koronasituasjonen, m.a. korleis det vert med foreldrebetalinga i SFO:

<https://www.hjelmeland.kommune.no/korona/>